

- Børnes må tilretteleggjast snarast

13.03.2007



Det var godt frammøte til det opne møtet på Solheim Turiststasjon (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Næringsområdet Børnes må tilretteleggjast og  
og markedsførast snarast. Området har mellom anna ei djupvasskai som er nytta i liten grad. Det var  
Knut Førland i Kvinnherad Næringsservice som uttala dette under det opne møte som  
Bygdeutviklingsprosjektet heldt på Solheim Turiststasjon. Han sa det etter å ha påpeika at kommunen  
for tida ikkje har ledige industriareal og at nokon bedrifter vurderer utflytting.**

Det hastar med å leggja ut gode næringsareal, og Børnes er eit kjempe-område i denne samanhengen, meinte Førland. Fleire av møtedeltakarane understreka at kommunen har ein jobb å gjera her og Førland var glad for at det politiske fleirtalet legg opp til ein større satsing på næringsareal og næringsutvikling.

Rundt 30 var til stades på møtet, som hadde som overskrift "Uskedalen – den gode bygda å bu og feriera i". Førland tok for seg næringsutvikling, nyskaping og marknadsføring medan landbruksjef i Kvinnherad Karin Thauland tala om verkskapsrolla.

Han såg fåresignalar for Kvinnherad: Talet på industriarbeidsplassar har gått ned, særleg i indre delen av kommunen, og det er grunn til å frykta auka nedgang i folketalet. No er det viktig å følge tett med i denne utviklinga og snu ho snarast råd. Meir enn 1.000 av dei 6.500 arbeidsføre kvinnheringane har no arbeid utanfor kommunen. Kvinnherad er med andre ord ein god kommune å bu i, men ikkje fullt så god når det gjeld arbeidsplassar. Og kommunen er svært avhengig av ein stor, kraftkrevjande bedrift som går ei usikker framtid i møte om kraftprisen aukar monaleg.

- Det skjer mykje spanande og positivt i Uskedalen, sa Førland, som meinte at Uskedalen Utvikling er ein fin pådrivar og at uskedalen.no byggjer godt opp under dette. Men han la til at Uskedalen bør gå meir aktivt ut i marknadsføringa. Til dømes må det leggjast vekt på at dalen er ein framifrå stad for fjellklatring, det er faktisk noko som ein kan lesa på nettet i ei rekke land.

- Her ligg eit kjempe-potensiale som må utnyttast og som kan utløysa ein giv også på andre område. Det er jo langt fleire som ser på fjellklatrarar enn dei som klatrar, sa Førland, som la til at båt-turismen er eit anna godt produkt for bygda. Og at serveringsstaden kjem i drift att gjer den enda betre. Kan noterte også på pluss-sida at det blir produsert mat på fleire garder og slo eit slag for eit felles utsal i sentrum. Og så kan Uskedalen få det einaste traktormuseet i regionen. Det ligg også eit potensiale i å arrangera guidade fjellturar.

Men Førland syntes at kvinnheringane generelt er for mykje engasjert i bygdestrid.

- Skal vi få til noko, må vi stå skulder. Dei mange tverrpolitiske bygdelistene vi ser ut til å få ved haustens kommuneval, vil gjera det politiske landskapet lite oversiktleg, og gjera det vanskelegare å vidareutvikla Kvinnherad som EIN kommune.

Prosjektleiar for bygdeutviklingsprosjektet Kristian Bringedal opplyste at han no sender ein søknad til fylket om tilskot til eit forprosjekt som skal visa Uskedalen sitt potensiale som besøksmål nær Folgefonna Nasjonalpark. Karin Thauland kom mellom anna inn på ein ide som har vorte til verkelegheit andre stader: Ei fadder-rolle for innflyttarar . Dette er noko som den nye trivselsgruppa bør ta seg av.

Kjell Yri opplyste at det har meldt seg ein som er interessert i å overta heile Ospelunden-området (nær 70 tomtar). Men grunneigarane har svara at han bør få kjøpa ein del av det først og visa at han meiner ålvor.

Av Ola Matti Mathisen



Nøkkelpersonar i Solheim-møtet var Knut Førland (i midten), Kristian Bringedal og Karin Thauland. (Foto: Ola Matti Mathisen)